

Odda Mållag sin målpris til Ol, Korlevoll og Odda Songlag

Odda Mållag vil kvart år gje ein «målpris» for godt målarbeid innan laget sine geografiske grenser.

Målprisen kan gjevast til einskildpersonar, lag eller institusjonar av alle slag, som i året har gjort seg fortent til ei slik gåve for arbeid som må reknast for å ha tent målarbeidet.

For det einskilde året kan det gjevast ein eller fleire målprisar, og årsmøtet i Odda Mållag fastset i kvart høve kva gåva skal vera og kven som skal få den, etter innstilling frå styret.

Alle medlemmer i Odda Mållag har rett til å føreslå kven som skal få «målprisen».

Målprisen skal ikkje vera ei kontantytning, men ein høveleg ting som skal vurderast frå år til år ut

frå laget sin økonomi og kva som særleg vil høva den einskilde «prisvinnar».

Odda Mållag har vedteke å gje «Målprisen» til følgjande institusjonar i Odda:

1. Odda IL si skigruppe

Grunngjeving: Gruppa har i fleire år hatt tillitsfolk som har nytta nynorsk i lagsarbeidet. I fjor la gruppa fram ei fyldig årsmelding, skriven på god nynorsk. Det er livsviktig for nynorsken at han blir brukt i organisasjonslivet.

2. IL Korlevoll

Grunngjeving: Laget gjev ut medlemsbladet «Korlingen» som har ein del stoff på nynorsk. Nokre av medarbeidar-

Over til side 12

ane viser at det kan skrivast godt sportsstoff på nynorsk.

3. Odda Songlag

Musikkspelet «Snøkvit og dei sju dvergane» vert framført på Oddadialekt og nynorsk.

Det er på tide at «Snehvit» kan bli «Snøkvit» for Oddaborn! Interessant innslag i dialektvernet!

Prisane er bøker, som vil bli delte ut ved eit festleg høve i mållaget sin regi.